



**MESTERHUS**  
– det blir som avtalt

Lindås kommune  
Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Hjelmås, 03.01.2012

### **Klage på avslag vedr søknad om dispensasjon frå LNFR, Gbnr 213/35, Eikanger.**

Viser til avslag på søknad om dispensasjon frå LNFR-føremål, datert 06.12.2011, referanse 2011/876-0-29131/2011

Vi klager herved på dette vedtaket, og ber om at denne søknaden blir behandla på nytt/ behandla politisk.

Grunnar til at vi klager på dette er at:

- Det er allerede bygd hytte og garasje på denne tomten, slik at tomten/området allerede er nedbygd. Om det er einebustad eller hytte som står på tomten har neppe noko konsekvens for dei som ferdast i området.
- Det er ikkje komme noko negativ uttale frå verken Fylkesmannen i Hordaland eller Hordaland Fylkeskommune.
- Landbruksavdelinga opplyser sjølv om at dei ikkje kan sjå at dette medfører dei store negative konsekvensane for drift av landbruksareala i området.
- Vedr skogsdrift så er det begrensa med drivverdig skog i området, og ein einebustad vil ikkje føre til at veistandarden blir noko dårlegare, heller tvert om.
- Teknisk drift har gjeve løyve til avkjørsel.
- Tomten egner seg til bustadformål, da den har kort vei til skule og offentleg kommunikasjon.
- Tiltakshaver har veirett, og veien er allerede opparbeida fram til tomten. Det vil også være ein fordel for eksisterande brukarar at det kjem fleire som kan bidra vedr veivedlikehald.
- Tiltakshaver har vassrett frå hovedbruket.
- Det er ikkje komme inn merknader frå naboar.

Ber om at denne klagen vert tatt til følgje, og at saka vert behandla snarast råd.

Helsing  
For **Kålås & Sønn Byggevarehandel AS**

*Oddbjørn Hindenes*  
Oddbjørn Hindenes

**Kålås & Sønn**  
BYGGEVAREHANDEL